

# Nytt opplegg for lærarutdanninga for grunnskulen

Av Sigmund Sunnanå

I Stavanger Aftenblad 26. november har Gaute Hovtun ved Universitetet i Stavanger (UiS) eit interessant innlegg om det obligatoriske masterkravet i grunnskulelærarutdanninga. Han skriv mellom anna at «Vi må tilbake til der masteren var en mulighet, ikke et hinder». Han skisserer også ei trinnvis lærarutdanning bygd på treårig obligatorisk utdanning som kan byggjast på med vidareutdanning og mastergrad som frivillig ordning. Etter mi meining vil dette kunne vera ei meir attraktiv utdanning og gi betre rekruttering enn dagens ordning.

## Litt historikk

På 1960-talet var den toårige lærarutdanninga som bygde på examen artium eit svært populært studium. Utdanninga blei sett på som ei god utdanning for eit viktig yrke. På landsbasis var det ca. 6000 søkjarar til ca. 2000 studieplassar. Konkurransen var hard. Det var like vanskeleg å koma inn på lærarstudiet som på medisinstudiet. Den gode tilgangen av godt kvalifiserte søkjarar heldt seg til slutten av 1990-talet.

I samband med innføringa av niårig obligatorisk grunnskule på 1960-talet måtte lærarutdanninga tilpassast det nye skuleslaget. Lærarutdanningslova frå 1973 fastsette at all lærarutdanning skulle vera treårig og byggja på examen artium eller tilsvarande grunnlag. Lærarutdanninga for grunnskulen skulle ha ein obligatorisk kjerne og gi studentane høve til å velja fagstudium av ulikt omfang og nivå. Utdanninga kunne byggjast på til adjunktutdanning (4 år) og lektorutdanning (6 år). Mange lærarar med toårig utdanning kunne nå ta vidareutdanning for å få betre lønn og bli betre kvalifiserte for å kunne undervisa i den nye grunnskulen.

I 1994 blei det innført fireårig obligatorisk utdanning med høve til vidareutdanning til adjunkt med opprykk og til lektor. På slutten av 1990-talet var det mange utgreiingar om lærarutdanninga for grunnskulen, og det kom fleire nye nasjonale planar. Den beste planen var etter mi meining den som blei fastsett i 2003 av Høgreregjeringa med Kristin Clemet som statsråd. Denne planen fekk ikkje lang levetid. Alt i 2010 laga Arbeidarpartiregjeringa ein ny

plan. Den tidlegare allmennlærerutdanninga med fagleg breidde og praktiske og estetiske fag, blei erstatta av ei todelt smal faglærerutdanning konsentrert om teoretiske fag. Vi fekk ei utdanning for 1. – 7. klasse og ei for 7. – 10. I 2017 blei utdanninga femårig med obligatorisk mastergrad.

På 2000-talet har det vore heller svak rekruttering til lærarutdanninga, og mange studieplassar har blitt ståande tomme. Den svake rekrutteringa har i høg grad også hatt samanheng med at lærarane i grunnskolen har fått vanskelege og krevjande arbeidsforhold.

### **Skisse til nytt opplegg for grunnskulelærerutdanninga**

På eit seminar på Stord i november 2023 der rekrutteringsproblema blei drøfta, la eg fram ei skisse til eit opplegg for grunnskulelærerutdanninga som er meir innretta mot praktisk lærararbeid enn det som gjeld i dag. Det vil truleg også vera meir tiltalende å søkja opptak til eit studium som går rett på lærarfunksjonen. I dag startar ein med pedagogisk teori og praksis + krevjande fagstudium i norsk eller matematikk.

*Hovudpunkta i framlegget mitt er skissert nedanfor:*

Den obligatoriske femårige masterutdanninga blir erstatta av ei obligatorisk utdanning på fire år med påbygging til master som frivillig tilbod for studentar og vidareutdanning for lærarar.

Det **første studieåret** bør innehalda ein gjennomgang av lover og regelverk for grunnskulen og gjeldande læreplanar. Pedagogisk teori og praksis må vektleggjast, og studentane må læra om arbeidsmåtar, oppgåver og utfordringar for lærarane i dagens skule. Pedagogisk filosofi og den historiske utviklinga av skulen i landet vårt må vera med. Studentane må dessutan kunne velja ei eining på 15 poeng i eit praktisk eller estetiske fag, (kunst og handverk, musikk, kroppsøving, mat og helse, drama).

Heile det **andre studieåret** bør studentane vera i praksis ved ein skule/skular i ein kommune. Saman med lærarar der kan dei då få oppleve starten og slutten på eit skuleår. Saman med erfarne og kvalifiserte lærarar kan dei få følgja undervisninga og arbeidet til ein lærar/lærarar på ulike klassetrinn. Dei må sjølve praktisera som lærarar, og få rettleiing av kvalifiserte lærarar som arbeider på barnesteget og ungdomssteget. Dei kan få vera med på planleggingsmøte, møte med foreldre, hjelpetenester m.m.

Lærerutdanningsinstitusjonen kan gjennom året arrangera kurs/seminar for

studentane der pedagogiske og faglege tema blir drøfta. For kommunar som får lærarstudentar, vil denne ordninga kunne vera ein ressurs for skulane i kommunen.

Det **tredje og fjerde studieåret** bør nyttast til fagstudium av ulike omfang og på ulike nivå. Studentane må kunne velja einingar på 15, 30 eller 60 poeng. Dei kan såleis innretta utdanninga si mot lærararbeid anten på barnesteget eller ungdomssteget. Metodikk og praksis i faga dei vel, må inngå i studiet. Ei studieeinering i norsk og i eit praktisk eller estetisk fag bør vera obligatorisk. Der det høver, kan ein organisera tverrfaglege opplegg, gjerne i samarbeid med pedagogisk teori og praksis. Studentane må velja fagstudium slik at dei kjem ut med frå tre til seks fagstudium for å få godkjent lærarutdanninga. Utdanninga må gi rett til å kunne bli tilsett både på barnesteget og ungdomssteget.

### **Større lokal fridom**

Departementet har invitert til forsøk og opna for at lærarutdanningsinstitusjonane får noko større fridom til å utforma utdanninga si. UiS har sett ned eit utval som skal laga framlegg til ny grunnskulelærarutdanning der. Eg håpar at innspela frå Hovtun og meg kan vera nyttige i dette arbeidet.